



Kinn kommune
Furuhaugane barnehage SA

Furuhaugane Barnehage SA

ÅRSPLAN
2025-
2026



Styrar	95 76 21 29	gro.sandvik@furuhaugane.no
		post@furuhaugane.no
Knerten	95 76 30 97	knerten@furuhaugane.no
Lillebror	41 52 90 56	lillebror@furuhaugane.no
Aurora	95 93 21 82	aurora@furuhaugane.no
Sokrates	95 80 53 28	sokrates@furuhaugane.no

INNHALD

INNLEIING

2. OM BARNEHAGEN...	4
2.1. To hus tett i tett	4
3. BARNEHAGEN SITT SÆRPREG OG SATSINGSOMRÅDE I 2025-2026	5
3.1. Nistefri barnehage, fleirkulturell barnehage,	5
3.2. Kommunikasjon og samarbeid.....	7
3.3 Trafikksikker kommune.....	8
3.4. Lesesatsing i barnehagen.....	9
3.5. Bærekraftig utvikling	10
3.6 Sosial kompetanse.....	11
4. BARNEHAGEN SI PEDAGOGISKE PLATTFORM	12
4.1. Barnehagen sin visjon	12
4.2. Omsorg, leik, danning og læring.	12
4.3 Vennskap.....	13
5. BARNS MEDVERKNAD	14
6. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD	15
6.1. Planlegging, dokumentasjon, refleksjon og vurdering.....	15
7. SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE	16
8. TILVENNING OG OVERGANGAR	17
8.1. Når barnet begynner i barnehagen	17
8.2. Samarbeid i barnehagen og mellom barnehagar	17
8.3. Overgang frå barnehage til skule	17
9. BARNEHAGENS SAMARBEIDSPARTNERE	18
10.ÅRSPLAN, AVDELINGER	19
10.1 Årsplan for Knerten.....	19
10.1 Årsplan for Lillebror.....	22
10.1 Årsplan for Aurora.....	26
10.1 Årsplan for Sokrates.....	31
11. LENKER	35

1. INNLEIING

Barnehage er ei pedagogisk verksemd som er regulert under Barnehagelova og ein nasjonal Rammeplan med foreskrift om barnehagen innhald og oppgåver, fastsatt av Kunnskapsdepartementet

Barnehagane i Kinn kommune vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter. Barnehagen sitt samfunnsmandat er å ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø til barnas beste. Dette skal gjerast i samarbeid og forståing med barna sine heimar.

Florabarnhagen

Lokale vedtak gjort av Kinn Kommunestyre vil til ei kvar tid vere styrande for drifta og innhaldet i dei kommunale barnehagane i Florø.

Florabarnhagen følger felles rutinar for tilvenning og overgangar.

Furuhaugane barnehage er ein privat og sjølvstendig barnehage.

Føretaket sitt formål er å drive barnehage på Krokane i Kinn Kommune. Verksemda har eit ideelt, som betyr eit ikkje-kommersielt formål. Det vil seie at eventuelt overskot på drifta skal godskrivas føretaket sin eigenkapital. Verksemda skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter for barnehageverksemd.

Årsplanen

Årsplanen viser korleis barnehagen vil arbeide for å omsette rammeplanens formål og innhald til pedagogisk praksis. Årsplanen er personalet sitt arbeidsreiskap, og dokumenterer val og grunngjevingar i det pedagogiske arbeidet og synleggjer progresjon i barnehagen sitt innhald.

Det vert i tillegg utarbeidd veke/månadsplanar som synleggjer korleis barnehagen konkret arbeider med tiltaka som er fastsett i årsplanen. Gjennom desse planane får foreldre innblikk i barnehagen sitt arbeid, og kan sjå samanheng mellom dei konkrete aktivitetane i barnehagen og overordna mål.

Fagleg ansvarleg for årsplanen

Gro Sandvik, styrar.

Årsplanen er vedtatt i barnehagens samarbeidsutval

22.10.2025

2. OM BARNEHAGEN

2.1. To hus tett i tett

Furuhaugane barnehage opna 11.05.1992.

Vi prøver primært å vere organisert i aldersreine avdelingar. Men når eit årskull er lite, så må vi fylle opp avdelinga med to årskull. Opningstida vår er frå kl. 06.45-16.30.

Barnehagen er bygd som to hus med eit tun mellom, og ligg lunt plassert på ei tidlegare gartneritomt på krokane. I tillegg til barnehagens uteområde brukar vi mykje barnehagens nærområde som solbakkenskogen, fagerdalen, trollskogen og nybømarka.



I huset til venstre for porten er Knerten (1 åringar) og Lillebror (2 åringar)

I huset til høgre for porten er Aurora (3 åringar og 4 åringar) og Sokrates (4 åringar og 5 åringar).

Styrar har kontor i huset til høgre for porten.

Det lille huset på venstre sida er Tussebu, dette er eit uisolert utebygg som blir brukt i uteleik, til fellessamlingar og ulike aktivitetar.

Målsettinga vår er at minst ein, men helst to av personalet skal følgje barnegruppa frå dei startar i barnehagen som 1 åringar til dei begynner på skulen som 6 åringar.

Barnehagen har 64 plassar for barn i alderen 0-6 år, av desse. Vi har samordna opptak med kommunen.

Vi er fast praksisbarnehage for Barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Og tek årleg imot studenter, fordelt på dei ulike avdelingane. 6 av dei pedagogiske leiarane hos oss har vidareutdanning i rettleiing, og kan ta imot studenter.

Sidan august 2012 har vi vert ein røyk- og snusfri barnehage. Det vil sei at personalet ikkje benytter snus/røyk i tidsrommet frå dei kjem på jobb og til dei er ferdige for dagen, dette gjeld i pausetida også. Vi oppmodar også foreldre til å unngå å bruke snus når dei er inne i barnehagen.

Barnehagen er IA-verksemd og medlem av PBL-A. PBL er Private Barnehagers Landsforbund, ein landsomfattande interesse og arbeidsgiverorganisasjon for private barnehager.

Heimeside: www.furuhaugane@barnehage.no

Facebook: www.facebook.com/FuruhauganeBarnehageBa/

Instagram: www.instagram.com/furuhauganebhq/

3. SÆRPREG OG SATSINGSOMRÅDE

I Furuhaugane barnehage har vi i fleire år hatt eit særskild fokus på tilknytning, språk, og sosial kompetanse, bærekraftig utvikling, samarbeid og kommunikasjon.

3.1. Åtte-om-dagen og nistefri barnehage-Fargerikt kosthald, sunnare barn.



Frå sommeren 2019 så vart vi ein nistefri barnehage. Det vil sei at vi serverer alle måltid, frukt og grønnsaker kvar dag, utan at barna har med nistepakke i barnehagen.

Frokostserveringa består av: Havregryn, grovbrød, knekkebrød, smør, tubeost, majones, makrell i tomat, kaviar, prim, kyllingpostei og mjølk. Lunch består av: grovbrød, knekkebrød, smør, kvitost, brunost, kyllingskinke/kyllingpølse, fårepølse, diverse tubeoster, kaviar, makrell i tomat, majones.

Kvar onsdag baker småkøkkane grove rundstykker til heile barnehagen, og i tillegg til det vanlege pålegget serverer vi også hardkokte egg og fiskepudding. Innimellom lager avdelingane varmlunch til barna, som t.d havregrynsgrot, ulike typer supper, gryter, fiskekaker og anna.

Til frukost og lunsjmåltidet serverer vi alltid oppskjært tomat, agurk og paprika.

Kvar dag ca. kl. 09.30 serverer vi oppskjært frukt som banan, eple, pære, druer og appelsin.

Rundt kl. 14.30 serverer vi rå grønnsaker som gulrot, kålrot, nepe, blomkål og knekkebrød med nokon få påleggsalternativ.



Bursdagsfeiring og bursdagsmiddag

Når barna har bursdag markerer vi dagen med å henge ut flagg for barnet. Bursdagsbarnet får ha på seg krone og kappe, og vi har bursdagssamling med sang og ulike aktiviteter. Bursdagsbarnet får med seg heim eit bursdagsdikt med bilde av seg sjølv iført krone og kappe.

Den siste onsdagen i månaden har vi felles bursdagsfeiring for barn og vaksne som fyller år. Då lager vi varm lunsj og dekker på borda med duk. Middagen er laga frå botnen av sunne og naturlige råvarer, og er annakvar månad basert på kjøtt eller fisk. For barn med allergi eller intoleranse vert det

laga eit tilsvarande alternativ av råvarer som barnet/barna toler. I matlaginga blir det også tatt hensyn knytta til barns religion og kultur. Middagslaginga er ein pedagogisk aktivitet for småkokkane våre, førskulegruppa. Dei deltar aktivt med å organisere, kutte, fordele, telle og ikkje minst samarbeide om dei ulike oppgåvene på kjøkkenet.



Fleirkulturell barnehage

Furuhaugane barnehage har sidan starten vert ein fleirkulturell barnehage. Barn, foreldre og personalet representerer 16 ulike nasjonar dette barnehageåret, snakkar 13 ulike morsmål. 50 % av barna har ein eller begge foreldra frå eit anna land enn Norge.



Å vere ein fleirkulturell barnehage gjev oss mogelegheit til å nytte både det språklege og det kulturelle mangfaldet som er representert. Vi signaliserer at ulikheit er det normale, og mangfaldet er ein styrke. På denne måten får barna mogelegheit til å identifisere seg med barnehagen og innhaldet i den. Vi heng ut flagg frå alle våre nasjonar når barn/vaksne har bursdag, felles

bursdagsfeiring siste onsdag i månaden, FN-dagen 24.oktober, barnekonvensjonsdagen 20.november, samefolkets dag 6.februar, morsmålsdagen 21.februar, barnehagedagen i mars, barnehagens bursdag 11.mai og sommarfesten i juni.




3.2 Kommunikasjon og samarbeid

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påvirker og påvirkast av alle sider av barnets utvikling. Gjennom dialog og samspill skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, verbalt, nonverbalt og tegnspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal få delta i aktiviteter som fremjer kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling. Vi har fokus på kommunikasjon og samarbeid mellom barn-vaksen, og mellom vaksen-vaksen. Dette arbeidet utfører vi på avdelinga, på tvers av avdelingane og på personalmøter.



Småbarnsalderen er ein grunnleggjande periode for barn si språkutvikling. Samhandling gjennom kroppsspråk, og leik med lydar er vesentleg i måten det vesle barnet nærmar seg andre menneske på. At vaksne oppfattar og stadfester uttrykket til barnet og samtidig set ord på inntrykka og opplevingane, er avgjerande for korleis barnas talespråk utviklar seg vidare. Språket er personleg og identitetsdannande og nært knytt til kjensler. Morsmålet er viktig for opplevinga av eigen identitet og mestring på mange område. Eit godt utvikla morsmål er ein grunnleggjande føresetnad for den vidare språklege utviklinga, også når det gjeld skriftspråk og leseforståing. Barnehagen skal sørje for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler. Personalet i barnehagen er viktige språklege førebilete, og systematisk arbeid rundt språkutvikling medverkar til framgang både på kort og lang sikt. I dette arbeidet nyttar barnehagen «Snakkepakken året rundt» som eit språkstimulerande verktøy. Snakkepakken vert systematisk brukt på alle avdelingane i veke, måneds og årsplaner.



3.3 Trafikksikker kommune-systematisk arbeid for eit tryggare lokalmiljø.

Arbeidet inngår i regjeringa sitt vedtak om at trafikktryggleiks-arbeidet skal baserast på ein visjon om at ein ikkje skal ha ulykker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken – nullvisjonen.



Trafikksikker kommune byggjer på ei godkjenningsordning. At ein blir godkjend, betyr ikkje at det ikkje lenger vil skje trafikkulykker, men godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik. Kinn kommune vart i desember 2023 godkjent som ein trafikksikker kommune. Kinn kommune arbeider med trafikksikkerhet og trafikkopplæring allereie frå barnehagealder

Her i Furuhaugane barnehage har vi trafikksikkerhet som tema på foreldremøte om hausten. Vi snakker med foreldre om sikkerhet ved porten og på parkeringsplassen. Barnehagen har trafikk-og sikkerhetsrutiner for tur utanfor barnehagen sitt område. Barna får trafikkopplæring tilpassa alder. Barna får erfare og lære om å bruke sansane sine i trafikken, lære om tur-reglar for å ferdast i trafikken, og lære om trafikkreglar.



3.4 Lesesatsing i barnehagen



Norske barn og unge har lavere leselyst og dårligere leseferdigheter enn før. Det er en utvikling regjeringen ønsker å snu (regjeringen.no). Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet lanserer nå en leselyststrategi: *Sammen om lesing - Leselyststrategien 2024-2030* [Sammen om lesing - Leselyststrategien 2024-2030 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-og-liketillingsdepartementet/leselyststrategien-2024-2030/id2844444/)

Høytlesning i barnehage

Barn som blir lest for regelmessig, øker ordforrådet sitt markant sammenliknet med barn som ikke blir det. Det er også tydelig at tidlig språkstimulering har nær sammenheng med læring av grunnleggende ferdigheter senere i skolen (regjeringen.no).

Oppvekstsektoren i Kinn kommune har no fokus på å auke barn og unge si leseglede og leselyst. I vår barnehage vil vi dette året jobbe med å skape gode vilkår for gode leseopplevelingar. Vi jobber med følgane:

- å skape større rom for lesinga
- få til fleire planlagt høytlesing-situasjoner for både små og større barnegrupper
- lage inspirerende lese-rom/hule/kroker
- større tilgjengelighet på ulike bøker
- inspirasjonskurs/seminar for personalet
- samarbeid med dere foreldre om å lese for og med barna.
- Samarbeid med biblioteket om å få eit tøyveskebibliotek i barnehagen, som foreldre kan låne med seg heim.



3.5 Bærekraftig utvikling

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til bærekraftig utvikling (Rammeplan, Kunnskapsdepartementet).

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Bærekraftig utvikling omfatter natur, økonomi og sosiale forhold og er ein forutsetning for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor en viktig oppgave i å fremje verdier, haldningar og praksis for eit meir bærekraftige samfunn. Bærekraftig utvikling handler om at mennesker som lever i dag, får dekke sine grunnleggande behov uten å øydelegge framtidige generasjonars mulighet til å dekke sine. Det handler om å tenke og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at dagens handlinger har konsekvenser for framtida. Furuhaugane barnehage har dei siste åra hatt særskilt fokus på overforbruk og å redusere det, sortering og gjenvinning, redusere bruken av plast og å ta vare på naturen.

Eit konkret plastreduserande tiltak vi har innført i barnehagen vår er å bruke tøynett til skiftekle/våte kle i staden for plastposer



3.6 Sosial kompetanse

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar.

Barn uttrykkjer og tileignar seg denne kompetansen i samspel med kvarandre og med dei vaksne, og blir spegla i den evna barn har til å ta initiativ til og halde på vennskap.

Sosial kompetanse er vesentleg for å motverke diskriminering og mobbing, og er ein viktig del av vårt arbeid med utvikling av sosial bærekraft.

Vi skal vere tilgjengelige vaksne, som observerer og følgjer med på leiken. Vi må stoppe opp, sjå og høyre kva som blir gjort/sagt. Vi må undre oss i lag med barna, og vere gode førebilde. Som deltakande vaksne må vi vere tilstade i situasjonen der barna er, og ikkje berre ha overblikket. Vi må lytte til det som blir sagt mellom barna, ta oss tid til barna og setje oss inn i barnets perspektiv.

Dei haldningane vi som vaksne i barnehagen og dei haldningane foreldre/føresette har heime kan enten bygge opp eller rive ned barn si sjølvkjensle. God sjølvkjensle vil gje barna det beste utgangspunktet for godt sosialt samspel, og vil vere til hjelp for barnet i å knyte positive band til andre. Vi som vaksne må reflektere over korleis vi snakkar til kvarandre og til barna. Barn ser, høyrer og legg merke til meir enn vi vaksne av og til reknar med. Personalet må derfor vere spesielt medviten om kva vi seier, og korleis vi snakkar til kvarandre og på denne måten vere gode forbilder for barna. Som ansvarlege vaksne må vi lære barna å gje beskjed til ein vaksen når dei opplever at dei sjølv eller andre blir krenka.

Barnehagelova forplikter barnehagen til å sørge for at alle barn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Dersom personalet får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, har personalet ei plikt til å iverksetje undersøkingar og tiltak.



I barnehagen er det viktig å la barna klare sjølv og oppleve mestring. Som vaksne skal vi skape gode læringssituasjonar, og gje barna tid til å prøve sjølv. Det kan vere både å dekke på og av bordet uavhengig av alder. Dele ut frukt og grønsaker til dei andre barna på avdelinga, lage til mat både smøremåltid og varmlunsj. I alle situasjonar skal vi vere støttande og tålmodige vaksne som lar barna oppleve mestring som å klatre opp og ned av stellebord, kle på og av seg sjølv. Vi skal oppmuntre barna til å samarbeide og

hjelpе kvarandre som til dømes å ta strikken under skoen, hjelpe med glidelås og knappar.

4. BARNEHAGEN SI PEDAGOGISKE PLATTFORM

4.1. Barnehagen sin visjon



«Ein god stad å vere, ein god stad å leike og lære»

Grunnmuren i alt vårt arbeid er at barnehagen vår skal vere ein god stad å vere for barn, foreldre og tilsette. Barna skal kjenne seg trygge og verdifulle, noko som er ein grunnleggande føresetnad for å kunne kjenne seg fri i leiken og vere open og mottagelig for læring.

4.2. Omsorg

Omsorg er en forutsetning for barnas trygghet og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærlighet (Rammeplan, Kunnskapsdepartementet)

Personalet skal møte alle barn med respekt og likeverd. Gjennom å vere opne, nære og interesserte vaksne skal personalet legge til rette for å knytte nære og tillitsfulle relasjonar til kvart einskild barn. Personalet har ei grunnleggande oppgåve i å legge til rette for at alle barn opplever trygghet og tilhørighet, og at dei trivast i barnehagen.

Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leikens egenverdi skal anerkjennest. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barnas eigen kultur. Leiken skal være en arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språklig samhandling. (Rammeplan, Kunnskapsdepartementet)



Leiken er ein sentral del av barnets utvikling og læring. Gjennom leiken lærer barnet om seg sjølv, og om samspel med andre. Personalet tar ansvar for å skape eit inkluderande leikemiljø, og sørger for at alle barn får oppleve mestring og glede i leiken. Personalet er aktivt deltakande i barnas leik når barna har behov for det, og samtidig er dei oppmerksomme på kor tid dei skal trekke seg ut av leiken. Ved å vere i leiken, eller tett på leiken

observerer personalet leiken, og rettleier og gir støtte i leiken dersom det er behov for det. Personalet legg til rette for at store deler av dagen skal barna få tid og rom til å velje sin eigen frie leik.

Danning

Barnehagen skal støtte barna i å forholde seg prøvende og nysgjerrig til omverdenen og bidra til å legge grunnlag for modig, selvstendig og ansvarlig deltakelse i demokratiske fellesskap. (Rammeplan, Kunnskapsdepartementet)

Gjennom daglige aktiviteter og meningsfulle opplevingar gir personalet barna støtte i å utvikle seg til sjølvstendige individ, både i praktiske situasjoner som til dømes i av og påkledning. Men også i det intellektuelle, og det å vere eit tenkande individ. Barna blir utfordra på å ta egne val, stå for sine egne meiningar, blir trygg på seg sjølv, vere glad i seg sjølv. Samtidig lærer barna om normer og regler i samfunnet, og personalet lærer og rettleier barna i å vere ein deltaker i det sosiale fellesskapet i barnehagen. Personalet vektlegger barnas ulike behov og ulikheter som ein naturleg og viktig del av fellesskapet.

Læring

I barnehagen skal barna oppleve et stimulerende miljø som støtter opp om deres lyst til å leke, utforske, lære og mestre. (Rammeplan, Kunnskapsdepartementet)

Personalet skal legge til rette for at all læring er tilpassa barnas alder og utviklingsnivå. Personalet legg til rette for strukturerte og konkrete læringsaktiviteter gjennom felles samlinger, gruppeaktiviteter og turer, og gjennom individuelle samtaler, støtte, rettleiing og ved å vere deltakande i barnas leik. Ved at personalet i vår barnehage følger barna frå dei starter og til dei begynner på skulen så blir personalet godt kjende med barna, det medfører at personalet betre kan legge til rette for progresjon i barnas læreprosessar. Personalet har også ein viktig jobb i å følgje opp barnas initiativ, utvide barnas perspektiv, skape undring, refleksjon og utforskning, støtte og utvide barnas kreativitet og nyskjerrighet.



4.3. Vennskap

Vennskap er viktig for barn i alle aldrar, også dei yngste barna. Som vaksne må vi hjelpe og styrke barns samspillskompetanse. Eit barn som samhandlar godt med andre, kan både tilpasse seg fellesskapen og vere ein synleg deltakar som hevdar sin plass. Forsking syner at barns evne til å etablere vennskap i stor grad heng saman med den sosiale kompetansen deira. Ei sentral oppgåve for oss tilsette er å hjelpe barna å byggje relasjonar til kvarandre. I relasjonane mellom vaksne-barn, og mellom barn-barn i barnehagen vidareutviklar barnet den sosiale kompetansen som dei treng i relasjon til andre menneske. Som vaksne er vi og merksame på at gryande vennskap kan vere skjøre, og vi er vare slik at vi ikkje grip inn og forstyrrar desse prosessane. Når vi til dømes ser vennskap på tvers av alder og avdeling som er i utvikling, forsøker vi å legge til rette for at desse barna skal få tid til å møtast i leik.

5. BARNS MEDVERKNAD

Barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet, jf. barnehageloven § 1 og § 3, Grunnloven § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planleggingen og vurderingen av barnehagens virksomhet. Alle barn skal få erfare å få innflytelse på det som skjer i barnehagen. Barnas synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med deres alder og modenhet. Barna skal ikke overlates et ansvar de ikke er rustet til å ta (Rammeplan, Kunnskapsdepartementet)

Alle barn uavhengig av alder og modenhet har rett til å gi uttrykk for alt som vedrører dei i barnehagekvarden. Saman med dei minste barna må vi som personale vere oppmerksomme på kroppslige uttrykk, latter, gråt, peiking, blikk og mimikk, og tolke kva barna vil/ikkje vil, kva dei likar/ikkje likar. Dette krever at personalet har fokus på barnet, har god relasjon til barnet og har tid og rom for å lytte og tolke barnets signal. Etter kvart som barna vert eldre og dei kan gi klart uttrykk for interesser og ønskjer får dei delta meir i planlegging av kvarden. I praksis betyr dette at barna får medvirke i her og no situasjonar, og i vårt pedagogiske planarbeid så vert det tatt omsyn til barnas initiativ, interesser, ønsker og innspill.



6. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet som skal planlegges og vurderes. Barn og foreldre har rett til medvirkning i disse prosessene. Målet med barnehagen som pedagogisk virksomhet, er å gi barna et tilrettelagt tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen være en lærende organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal være begrunnet i barnehageloven og rammeplanen (Rammeplan, Kunnskapsdepartementet)

6.1 Planlegging, dokumentasjon, refleksjon og vurdering

Planleggingsarbeid av barnehagens innhald vert utarbeidd med utgangspunkt i rammeplanens innhald og oppgåver, barnehagelova og anna gjeldande lovverk. Det vert lagt stor vekt på barns medvirkning, og innspel og ønskjer frå foreldre/føresette. Dei pedagogiske leiarane har ansvar for planleggingsarbeidet på si avdeling, og samarbeid med naboavdeling. Det vert utarbeidd vekeplaner som foreldre/føresette får tilgang til i Kidplan.

Arbeidet og barnehagens kvardag vert dokumentert i bilder og tekst som vert lagt ut på kommunikasjonsplattforma vår Kidplan. Ulike situasjonar av lek, samhandling og aktiviteter vert dokumentert og lagt ut på Instagram og Facebook. Pedagogisk leiar skriv månedsbrev med oppsummering av månedens gjeremål og innhald som vert sendt ut til alle foreldre/føresette pr epost ved månedsskifte.

Alle barna har sin eigen perm der det blir samla ulike type dokumentasjon, som til dømes: bilder, produkt, tekst, månedsbrev og liknande. Denne «minnepermen» får barna med seg heim når dei sluttar i barnehagen.

Dokumentasjon av barnas utvikling vert registrert gjennom ulike observasjonsmetoder, og notert ned i Allemed-skjema. Allemed-skjema vert kun benytta etter samtykke frå foreldre/føresette, og blir brukt som utgangspunkt til foreldresamtale.

Avdelingsmøter, pedagogisk leiarmøter, personalmøter og planleggingsdager vert systematisk nytta til planlegging og evalueringsarbeid. Planane og gjennomføringa vert vurdert i forhold til målsettinga, refleksjonar vert notert ned og blir utgangspunkt for vidareutvikling og forbedring i det vidare planleggingsarbeidet.

7. SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE

Oppstartsamtale: Når barnet starter på tilvenning i barnehagen så inviterer vi foreldre/føresette til oppstartsamtale. Der vert vi kjend med barnet gjennom informasjon frå foreldre/føresette. Vi held dagleg kontakt med barnets heim gjennom samtale ved levering og henting. Personalet skal formidle til foreldre ved henting om korleis dagen til barnet har vert i barnehagen. Og vi ønsker at foreldre/føresette formidler til personalet om situasjonar og hendinger som vedrører og påvirker barnet i kvardagen. Dersom det til dømes har oppstått vanskar/utfordringar/endingar i heimen, ønsker personalet å få informasjon om dette. Dermed kan personalet bidra til å gi ekstra omsorg, støtte og oppmuntring dersom barnet har det vanskelig. All samtale omkring barnet skal alltid vere med formål om kva som er til det beste for barnet. Dersom det oppstår situasjonar i barnehagen som umiddelbart må formidlast til foreldre/føresette så vil personalet ta kontakt pr. telefon for samtale/avtale møte. Dersom barnet vert skada og treng øyeblikkelig legehjelp vil personalet først kontakte lege, og deretter kontakte foreldre/føresette.

Foreldremøte: Barnehagen inviterer foreldre til felles foreldremøte ein gong årleg, september/oktober. Der formidler personalet planer for barnehageåret, og inviterer foreldre til å komme med innspel og ønskjer.

Foreldreutvalg(FUB): På foreldremøtet vel foreldregruppa ein til to foreldrerepresentantar frå si avdeling til å sitte i FUB. FUB skal jobbe etter følgande hovedmål: «Samarbeidet mellom heim og barnehage skal bidra til at alle barn i barnehagen skal få ein best mulig barnehagekvardag». Som representant for foreldregruppa har de ein ekstra mulighet til å få innflytelse og medvirkning på barnas kvardag i barnehagen.

Foreldreundersøkelsen: Dette er ein digital og anonym spørreundersøkelse som barnehagen gjennomfører annakvart år. I denne undersøkelsen får foreldre/føresette sei si meining om barnehagetilbudet, barnas trivsel og samarbeidet mellom heim og barnehage. Resultatet frå undersøkelsen bruker vi i barnehagen i vårt interne evalueringsarbeid, med formål om å utvikle barnehagetilbudet. Neste foreldreundersøkelse blir gjennomført januar 2025.

Foreldresamtale: To gongar årleg (haust og vår) inviterer pedagogisk leiar til foreldresamtale. Dette er ein individuell samtale omkring barnets utvikling mellom foreldre/føresette og pedagogisk leiar. For minoritetsforeldre tilbyr vi tolk til foreldresamtalen på foreldre/føresette sitt morsmål.

Sosialt samvær: Vi inviterer foreldre til å delta i barnehagen ved ulike markeringar gjennom året, som t.d. barnekonvensjonsdagen og barnehagedagen.

8. TILVENNING OG OVERGANGAR

8.1. Når barnet begynner i barnehagen

Når vi får nye barn på avdelinga skal vi på førehand ha avtalt kven av personalet som skal ta imot barnet og foreldra. Pedagogisk leiar vil gjennomføre oppstartsamtale med foreldre/føresette i forkant av, eller i løpet av tilvenningsperioden. I tilvenningsperioden er det viktig med god dialog med forelda, for å gje barna ein så god start i barnehagen som mogleg. Det er ikkje alltid slik at barn knyter seg mest til den som har hatt tilvenninga. Så her hos oss er det slik at den vaksne barnet knyter seg til har ansvar for å inkludere det nye barnet inn i barnegruppa.

8.2. Samarbeid i barnehagen og mellom barnehagar

Dei to avdelingane på same hus samarbeider på morning og ettermiddag. Dette for at vi skal ha så god bemanning som mulig når det er flest barn i barnehagen. Og ved ferieavvikling til sommar, jul og påske så blir avdelingane slått saman etter kor mange barn på det aktuelle tidspunkt. Vi planlegger for at barna alltid skal møte kjente vaksne i barnehagen, men ved akutt sjukefråvær blant personalet kan det vere at dei møter personale frå andre avdelingar som dei ikkje kjenner like godt som personale frå si eiga avdeling.

Alle avdelingar har 1 time avdelingsmøte for alle tilsette på avdelinga, to gonger i måneden. Da er det personal frå naboavdelinga som passer barna i det tidsrommet.

